

SKJØTSELSPLAN FOR STENES NATURBEITEMARK, ØRSTA
KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL FYLKE.



BIOREG AS

Rapport 2019 : 19

Utførende institusjon: Bioreg AS www.bioreg.as	Kontaktpersonar: Finn Oldervik, Bioreg AS Sindre Stennes og Einar Arne Stennes, Grunneigarar	ISBN-nr. 978-82-8215-404-8
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as Tlf. 97 87 62 58 E-post: svingen.kamilla@gmail.com	Oppdragsgiver: Grunneiere; 129/1 – Einar Arne Stennes 129/2 – Sindre Stennes	Dato: 14.02.2020
Referanse: Oldervik, F. & Svingen K. 2019. Skjøtselsplan for Stenes naturbeitemark, Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke. Bioreg AS rapport 2019 : 19. ISBN; 978-82-8215-404-8		
Referat: Rapporten skildrar naturverdiar og artsmangfald for naturbeitemarka på garden Stenes i Norangsfjorden, Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke. Lokaliteten er i dag ikkje beita eller skjøtta på anna vis, men har tidlegare vore beita med opptil 200 mjølkegeiter pluss 50 – 70 årskje (til ca. 2012) og til tider 50 - 70 sau med lam i tillegg. Grunna manglande skjøtsel er lokaliteten i ferd med i gro igjen med spreining av, særleg bjørk, frå skogsområde på kvar side av lokaliteten, i tillegg til attgroing og oppgjødsling frå manglande nedbeiting av gras. Rapporten gjer greie for dei skjøtselstiltaka som bør vidareførast og setjast i verk for å taka vare på dei biologiske (og kulturelle) verdiane som er knytt til lokaliteten.		
4 emneord: Kulturlandskap Naturtype Skjøtsel Naturbeitemark		

Figur 1. Biletet på framsida viser det meste av beitemarka på Stenes sett nede frå gardstunet. Som ein ser er det svært bratt her og ifølgje brukarane noko rasutsett. Foto: Kamilla Svingen 14.08.2019, Bioreg AS ©.

Føreord

Etter ynskje frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og dei to eigarane av Stenes, vart det utført ei re-kartlegging av naturbeitemarka på den nemnde garden i Norangsfjorden i Ørsta, som er ein del av det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen. Lokaliteten høyrer til garden Stenes gnr. 129 i Ørsta, og grunneigarane er Einar Arne Stennes (129/1) og Sindre Stennes (129/2). Lokaliteten har frå tidlegare vore undersøkt i samband med kartlegging av soppfloraen i naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag i 1993 (John B. Jordal og Geir Gaarder), samt i samband med re-kartlegging av kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen i 2007 (J. B. Jordal) og i 2016 (Solfrid H. L. Langmo, Bioreg AS).

I 2019 vart det gjort ei naturfagleg undersøking av naturbeitemarka med det føremålet å oppdatere lokalitetsskildringa i Naturbase, samt laga ei skjøtelsplan for beitemarka. Mest fordi beitemarka har vore utan skjøtsel dei 7 siste åra, så har vi vurdert verdien av lokaliteten til å vera Lokalt viktig – C no mot B tidlegare (verdien er svak grunna svak skjøtsel). Lokalitetsskildringa er basert på siste versjon av faktaark for naturbeitemark, i tillegg til at den er skildra med omgrepa til NiN2.2. Mykje av lokalitetsskildringa er basert på skildringa frå 2016 som Bioreg AS også den gongen fekk utarbeidd.

Vi vil med dette takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Hege Steigedal for – saman med brukarane - å ha teke initiativ til re-kartlegging av naturbeitemarka sommar/haust 2019, samt for nyttige innspel i samband med kartleggingsarbeid og utforming av skjøtelsplanen. Hjarteleg takk også til tidlegare grunneigar, Aksel Stennes for at han stilte opp ved den naturfaglege undersøkinga. Dessutan stor takk til dei to eigarane for omfattande skildring av skjøtelsen fram til om lag 2012.

Mjosundet i Aure 14.02.2020

Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik

Oslo 14.02.2020

Bioreg AS

Kamilla Svingen

Innhald

Føreord.....	3
Naturbeitemark	5
1.1 Kvifor er naturtypen viktig	5
1.2 Utbreiing	5
1.3 Naturfagleg skildring	5
1.4 Påverknad, bruk	6
1.5 Råd om skjøtsel og omsyn	7
1.6 Kunnskapsnivå	7
1.7 Litteratur	7
Spesiell del: Søkbare eigenskapar, Stenes naturbeitemark	8
Kjelder.....	15
3.1 Skriftlege kjelder	15
3.2 Munnlege kjelder	15
Ortofoto/kart	15
Bilete	16
Artsliste.....	17
Vedlegg 1. Pristilbod Nofence for 50 geiter	19
Hvordan bestemmes din pris?	19
Brukerveiledning	20
Produkter.....	20

Naturbeitemark

Frå faktaark for Naturbeitemark (Bratli 2018).

1.1 Kvifor er naturtypen viktig

Naturbeitemark er ein artsrik naturtype med høg andel habitatspesialistar. Naturtypen er vidt utbreidd, men artsrik, ugjødsla beitemark i god hevd går tilbake som følgje av endringar i landbruket. Gjengroing etter opphøyr av bruk eller intensivert drift med gjødsling og pløying har redusert arealet. Typen er også utsett for nedbygging. På bakgrunn av dette er kulturmarkseng generelt vurdert som sårbar (VU) i Norsk raudliste for naturtypar 2018. Naturbeitemark har høg andel raudlisteartar i ulike organismegrupper, særleg karplanter, beitemarksopp og insekt, og dei viktigaste areala kan ha høge konsentrasjonar av raudlisteartar (hotspot for slike). Mange artar har hovudtyngda av førekomstane sine innanfor denne naturtypen.

1.2 Utbreiing

Naturbeitemark er vidt utbreidd over heile Noreg frå kysten til innland og i alle biogeografiske soner, frå boreonemoral til lågalpin sone (BN-LA) og frå sterkt oseanisk til svakt kontinental seksjon (O3-C1). I dag er typen vanlegast i regionar med mykje husdyrhald, til dømes øvre dalstrøk på Austlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og på den sørlege delen av Nordlandskysten.

1.3 Naturfagleg skildring

Naturbeitemark er lysopa grasmark med langvarig hevd i form av husdyrbeite, både sau, geit, storfe og hest. Utsjånaden er karakterisert av lågvaksen vegetasjon dominert av urter og gras. Tre og buskar førekjem spreidd, til forskjell frå slåttemark der desse manglar. Marka er gjerne meir ujamn enn i slåttemark. Steiner, grunnlendte parti og bergknausar er også nokså vanleg. Typisk for beitemark er dominans av beite- og tråkkresistente gras og artar som ikkje dyra vil ha fordi dei er giftige, tornete, smaker vondt eller inneheld mykje silikat slik som sølvbunke. Naturbeitemark har få nitrofile artar, men spreidd kan nokre næringskrevjande og tråkktolerante artar førekoma. Karakteristisk er også førekomst av beitemarksopp om hausten.

Det er stor variasjon i arts-samansetninga og miljøtilhøve i naturbeitemark. Eit fellestrekk er at variasjonen både skuldast økokliner som også er viktige på naturmark, og langvarig hevd. Naturbeitemark er semi-naturlege enger, oftast oppstått frå skogsmark som gjennom lang tid med ekstensivt beite har utvikla eigenskapar som skil den frå det natursystemet den vart utvikla frå, utan at markstruktur, hydrologi eller andre basale eigenskapar har blitt vesentleg endra. Beitetrykk, husdyrslag og tidspunktet for beite er også faktorar av betydning. Tidspunkt på året og varigheit av beitet er også faktorar som påverkar vegetasjonen. Det er viktig med avpassa tal på beitedyr, da overbeite reduserer artsmangfaldet og for lite beite gjev attgroing. Til forskjell frå kulturbeite er naturbeitemark ikkje pløygdd og tilsådd, og ikkje eller i berre liten grad gjødsla.

Kalkinnhold og jordråme er viktige årsaker til variasjonen i arts-samansetninga. heile variasjonsbreidda langs økoklinen kalkinnhold er representert og det er også stor variasjon i vassmetning frå veldrenert mark, via fuktmark til våte enger. Karplantemangfaldet er størst i naturbeitemark på kalkrik grunn i låglandet, der særleg kalktørrenger har eit høgt artsmangfald. Det same gjeld tørrbakkar i dalstrøk på Austlandet. Viktige naturbeitemarker for sopp ser ut til å følgje eit litt anna mønster, da artsrike beiter med høg førekomst av raudlista soppantar kan førekoma både på kalkrik og kalkfattig grunn, og gjerne i friskare enger. Lang beitehistorie reknast å vera gunstig. Det er stor regional variasjon frå kyst til innland, frå lågland til fjell og frå sør til nord.

Naturbeitemark er ein svært artsrik naturtype karakterisert av mange raudlisteartar av insekt, karplanter og sopp (Bratli et al. 2011, Sverdrup-Thygeson et al. 2011). Av særleg betydning er naturtypen for beitemarksopp og blant desse er 94 artar raudlista, først og fremst vokssopp, raudsporar, jordtunger og køllesopp. Også for ei lang rekke karplanter og insekt er naturtypen viktig. Rundt 85 raudlista karplanter er knytt til typen. Dei mest sjeldne finnes berre på eit fåtal stadar, medan andre er meir vidt utbreidd, men har gått tilbake i låglandet. Eit særpreg i tørr, varm og sandig beitemark er førekomst av møkkbiller, ein artsgruppe som har gått sterkt tilbake i seinare tid (). Ei rekke insekt og andre invertebratar er også knytt til typen, der fleire er raudlista.

Viktige tilstandsvariablar (etter NiN) er rask gjenvekstsuksisjon i seminaturleg eng, sterkt endra jordbruksmark og våteng (7RA-SJ)), busksjiktdeknning (1AG-B-0), tresjiktdeknning (1AG-A-0), framandartsinnslag (7FA) og slitasje og slitasjebetinga erosjon (7SE). Andre tilhøve av betydning kan vera eutrofieringstilstand (7EU, nitrogendeposisjon, avrenning frå gjødsla areal), miljøgifter og anna ureining (7MG) og ferdsel med tunge kjøretøy (7TK).

Naturbeitemark inngår i ulike landskapstypar, frå vidstrakte seterlandskap, småskala kystlandskap, opne jordbrukslandskap og småskala kulturlandskap i dalstrøk- og skogstrøk. Ofte førekjem typen som små restareal og kantar i intensivt drive jordbrukslandskap. Ved kysten vekslar beitemark ofte med andre opne naturtypar i finskala mosaikkarta mønster. I dalstrøk finn ein gjerne artsrik beitemark i kantar mellom fulldyrka mark og hagemark eller skog. Kantsonene har ofte vore utan hevd over lengre tid, men skal kartleggast som beitemarkskant så lenge dei framleis har preg av semi-naturleg eng. Naturbeitemark har ofte innslag av bergknausar og små tresette parti.

1.4 Påverknad, bruk

Positive påverknadar i naturbeitemark er først og fremst beitebruk som opprettheld artsmangfaldet og rydding av buskas og tre. Ulike husdyrslag beitar på ulikt vis. Sau beiter til dømes meir selektivt enn storfe. Samebite er difor som regel positivt. Beite er ein naudsynt føresetnad for at naturtypen sine verdiar skal oppretthaldast. Beite tilpassa naturgrunnlaget er viktig. For lite beitetrykk medfører gjengroing, medan for sterkt beite medfører slitasje og trakkskadar.

Dei viktigaste negative påverknadsfaktorane i naturbeitemark er attgroing og intensivt bruk. Tidlegare var husdyrhald vanleg over heile landet og typen har gått sterkt tilbake som følge av opphøyr av beite med påfølgjande gjengroing. I sentrale jordbruksstrøk er omlegging til meir intensiv drift med gjødsling, sprøyting og oppdyrking til kornproduksjon og kunsteng typisk. I tillegg er typen utsett for nedbygging. Tilplanting av gamle beitemarkar er også eit problem, ved at det (raskt og over større areal) reduserer førekomsten av naturtypen. Det same er spreining og

etablering av framande arter og andre problemarter, ved at desse fortrenger dei typiske beitemarks-artane, og over tid fører til øydelegging av førekomstane av naturtypen. Tilførsel av nitrogen både frå langtransportert luftforureining og frå lokale kjelder fører særleg i sørlege deler av landet til eutrofiering.

1.5 Råd om skjøtsel og omsyn

Skjøtsel skal oppretthaldast, eller igangsetjast i lokalitetar som kan restaurerast og der det er dokumentert høge naturverdiar. Det bør gjerast ei vurdering av korleis lokaliteten opphavelig har vore skjøtta. For lokalitetar som opplagt og relativt nyleg har vore slåttemark, og der det vert vurdert som mogleg å tilbakeføre lokaliteten til slåttemark skal dette opplysast. I dei fleste tilfelle er beiteregimet tilpassa den einskilde lokaliteten. Det bør utarbeidast planar for skjøtsel i viktige lokalitetar der grunneigar/drivar vert involvert. Typiske tiltak vil vera å tilpasse talet på dyr, husdyrslag og tidspunkt for beite avhengig av vegetasjonen på staden. Både husdyrslag, talet på dyr og beitetidspunkt er viktig å vurdere i beitemark. Til dømes kan det vera aktuelt å halda sau unna lokalitetar med sjeldne orkidear som svartkurle, og det kan være aktuelt å avgrensa beiteperioden til vår-forsommar eller haust.

Gjødsling må unngåast og manuell rydding av ungskog og kratt vert gjort etter behov, og slik at marka vert halde open. Rydding bør gjerast gradvis, da for rask opning av marka både kan medføre erosjon i bratt terreng og opna opp for uønskte artar. Tilleggsføring bør unngåast, da dette både medfører tråkkskadar, oppgjødsling og innføring av uønskte artar. Saltstein må unngåast. Framande artar bør fjernast, og slitasje og andre negative påverknadar bør unngåast i sårbare lokalitetar. Råd om skjøtsel finnest i Skjøtselshandboka (Norderhaug et al. 1999).

1.6 Kunnskapsnivå

Kunnskapsgrunnlaget for avgrensing og inndeling av naturbeitemark er rimeleg godt og i nokon grad samanstillt. Det manglar viktig kunnskap om avgrensing mot nabotypar og utbreiing. Vidare manglar det kunnskap om regionale utformingar, hevdens sin innverknad under ulike økologiske tilhøve og potensiale for restaurering.

1.7 Litteratur

Bratli, H., Jordal, J.B., Stabbetorp, O.E. & Sverdrup-Thygeson, A. 2011. Naturbeitemark – eit hotspot-habitat. Sluttrapport under ARKO-periode II. – NINA Rapport 714: 1-84.

Jordal, J.B., 1997. Sopp i naturbeitemarker i Norge. – Dir. Naturforv. Utrekn. 6: 1-112.

Halvorsen, R, Andersen T, Blom, H.H., Elvebakk, A., Elven, R, Erikstad, L., Gaarder, G., Moen, A., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nygaard, K., Thorsnes, T., Ødegaard, F. 2009. Naturtyper i Norge (NiN) versjon 1.0.0. – Artsdatabanken, Trondheim.

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge

Artslister siteres som (eksempel): Fredriksen S., Moy F., Husa V., Sjøtun K. og Schneider S. C. Alger Cyanophyta, Rhodophyta, Chlorophyta, Ochrophyta – I: Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L., Kvamme, M. (red.): 1999. Skjøtelsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. – Landbruksforlaget, Oslo.

Sverdrup-Thygeson, A. & Brandrud, T.E. (red.), Bratli, H., Framstad, E., Jordal, J.B. & Ødegaard, F. 2011. Hotspots – naturtyper med mange truede arter. En gjennomgang av Rødlista for arter 2010 i forbindelse med ARKO-prosjektet. – NINA Rapport 683. 64 s.

Ødegaard, F., Hanssen, O. & Sverdrup-Thygeson, A. 2011. Dyremøkk – eit hotspot-habitat. Sluttrapport under ARKO-prosjektets periode II. – NINA Rapport 715. 42 s.

Spesiell del: Søkbare eigenskapar, Stenes naturbeitemark

SØKBARE EIGENSKAPAR (for Naturbase)			
Namn på lokaliteten: Stenes	Kommune: Ørsta	Områdenr.	
ID i Naturbase BN00029825	Registrert i felt av: Sist av Kamilla Svingen (Bioreg AS)		Dato: 14.08.2019
Eventuelle tidlegare registreringar (år og namn) og andre kjelder (skriftlege og munnlege) John Bjarne Jordal og Geir Gaarder (1993) Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS (2015) Aksel Stennes (2019) (pers. med. den 14.08.2019) Sindre Stennes (2019) (pers. med. både i telefonsamtalar og utveksling av E-post) Einar Arne Stennes (2019) (pers. med. i telefonsamtalar med Oldervik)			Skjøtselsavtale: Inngått år: 2020 Utløper år:
Hovudnaturtype: % andel Naturbeitemark (D04) 100 % Etter NiN 2.2: Seminaturleg eng (T32) 100 % Tilleggsnaturtypar:	Utformingar: % andel Fattig beiteeng (MD2015) 100 % Etter NiN 2.2: intermediaær eng med klart hevdspreng (T32-4). 100 %		
Verdi (A, B, C): C	Annan dokumentasjon (bilete, belagte artar m.m.)		
Påvirkningsfaktorar (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11)			
Stadkvalitet	Tilstand/Hevd	Bruk (no):	Vegetasjonstypar:

< 20 m	X	God		Slått		Torvtekt	Naturbeitemark (D04)
20 – 50 m		Svak		Beite	X	Brenning	
50-100 m		Ingen	X	Pløying		Park/hagestell	
> 100 m		Gjengrodd		Gjødsling			
		Dårleg		Lauving			

OMRÅDESKILDING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtelsesplanen)

INNLEIING

Skildra av Kamilla Svingen og Finn Oldervik, Bioreg AS på grunnlag av eigen naturfagleg undersøking 14.08.2019 i samband med kartlegging og re-kartlegging av nokre naturtypelokalitetar i Møre og Romsdal på oppdrag frå Fylkesmannen. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder i 1993, igjen av John Bjarne Jordal i 2007 og av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS i 2015. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet og etter nyaste versjon av Natur i Norge (NiN versjon 2.2). Noko av skildringa er teke frå lokalitetsskildringa til Bioreg AS frå 2016. Også eldre skildringar av lokaliteten har vore bruka der dette har vore relevant. Raudlistestatus for arter følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudliste for naturtypar 2018 (Artsdatabanken 2018).

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG:

Lokaliteten ligg mellom innmarka på garden Stenes og opp mot fjellet Stålberghornet på sørsida av Norangsfjorden i Ørsta kommune. Den avgrensa lokaliteten er på om lag 718 daa og består av beitemark som er delvis raspåverka og noko attgrodd med ungsog. Lokaliteten har parti med vekselfuktig beitemark, i tillegg til nokre bergknausar og stadvis ein del rasmaterialar. Berggrunnen er i all hovudsak fattig der hovudbergarten er granittisk gneis med tilleggsbergartane migmatitt, granodioritt og augnegneis. Lausmassane består for det meste av rasmaterialar frå Stålberghornet. Lokaliteten ligg i følge Moen (1998), i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR

Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark av utforminga fattig beiteeng (100 %). Naturbeitemark inngår i hovudtypen semi-naturleg eng (T32) etter NiN (2.2) og lokaliteten er vurdert til grunntypen «intermediær eng med klart hevdpreg» (T32-C-4). Naturbeitemark er ein naturtype innan semi-naturleg mark (T32), og er vurdert som sårbar (VU) i Norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD:

Som påpeika i skildringa frå 2016 er lokaliteten truga av attgroing, mest av bjørk, og andelen av tre og buskar innanfor lokaliteten har auka sidan førre registrering i 2015. Naturbeitemarka er framleis opa, men særleg i kantane har det vakse til med noko krattskog av bjørk. På tidspunktet for synfaringa vart det observert ein del daudt gras, med dominans av sølvbunke, samt ein del storfrytle og stadvis ein del blåbærlyng. Andre registrerte artar var gulaks, ryllik, tepperot, blåklokke, tiriltunge, blåknapp, harerug, geitsvingel, småengkall, smalkjempe og augnetrøyst, fleire av desse typiske beitemarksartar. I partia med rasmaterialar vart det også registrert artar som hestespreng og fjellmarikåpe. Frå tidlegare har det vore registrert skarlagenvokssopp i samband med undersøkingane i 2007 og 1993, samt gul vokssopp i 2015. Dette er relativt vanlege artar å finna i beitemark, men skarlagenvokssoppen indikerer likevel ein viss kontinuitet i skjøtselen, men kan også finnast i til dømes litt mineralrik røsslyngsskog. I 2019 var det påvist engvokssopp her, ein ganske vanleg vokssopp i beitemark.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:

I fylgje dei tidlegare skildringane frå 1993, fortald av dei som budde der, var lokaliteten skogkledd fram til omkring andre verdskrig. Flyfoto frå 1962 viser også at det var betydeleg meir skog der på den tida. Lokaliteten har hovudsakeleg vore beita av geit fram til 2012, samt nokre storfe fram til 2015. I fylgje skildringa frå 2016 er beitetrykket i mindre områder oppgjeve som godt, men det meste av lokaliteten ber preg av attgroing. I dag er beitetrykket noko mindre og lokaliteten er sterkare truga av attgroing, med spreidde bjørkeoppslag i det meste av området. Vidare gjeld også skildringa om at lokaliteten er i ein attgroingsfase med tett sølvbunke-grasdekke, samt parti med bringebær, storfrytle, blåbær og ein del bregnar også i dag. Sjølv om ein del av bjørka på kvar kant av lokaliteten har spreidd seg noko lengre inn i lokaliteten dei siste åra, er det meste mindre, unge bjørkeoppslag og lokaliteten vurderast difor framleis til å vere i ein tidleg attgroingsfase og at den vil vera grei å restaurere om ein tek oppatt hevdnen med geitebeite her.

FRAMANDE ARTAR:

Det vart ikkje registrert framande artar innanfor lokaliteten, men det er registrert platanlønn aust for lokaliteten som kan spreie seg til området.

KULTURMINNER:

Det er ingen registrerte kulturminne innanfor lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN

Lokaliteten er i dag ikkje beita eller skjøtta på anna vis, men har tidlegare vore beita med opptil 200 mjølkegeiter pluss 50 – 70 årskje (til ca 2012) og til tider 50 - 70 sau med lam i tillegg. For å hindre meir attgroing, og for å ta vare på dei biologiske verdiane i framtida er det avgjerande at ein tek opp igjen husdyrbeite med eit langt høgare beitetrykk enn det er i dag. Beiting med geit vil vera det beste og eigarane har da også planar om å skaffa seg ein geiteflokk på om lag 50 dyr. Det er noko usikkert om dette er tilstrekkeleg med dyr til å hindra attgroing. Ein må også prøve å hindra at skogen på kantane av naturbeitemarka spreier seg ytterlegare, noko geitene truleg vil sørge for. Det er og viktig at platanlønn ikkje får høve til å spreia seg innover lokaliteten.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:

Lokaliteten utgjer ein viktig del av det heilskaplege kulturlandskapet i Norangsfjorden-Norangsdalen (KF00000241). Landskapet her er kjenneteikna av fleire store rasmarksenger som har vore brukt som beiteområde, fjordlandskap og ville fjell, og naturbeitemarka på Stenes utgjer ein viktig del av dette samanhengande området. Dette er hovudsakleg grunna arealstorleiken, men også fordi den er så godt synleg i landskapet frå andre sida av Norangsfjorden.

VERDIGRUNNGJEVING:

Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik (>2 daa) grunna storleiken på 718 daa. Den oppnår låg vekt på artsmangfald då det vart registrert færre enn 15 kjenneteiknande artar og låg vekt på raudlisteartar grunna mangel på registrerte funn innanfor lokaliteten. Her er også potensialet for funn av raudlisteartar inkludert, som er vurdert som lågt grunna at lokaliteten ikkje har særleg lang kontinuitet. For tilstand oppnår lokaliteten middels vekt då den framleis kan reknast å vera lite gjengrodd, og den oppnår også middels vekt på påverknad grunna liten påverknad av tekniske inngrep og ureining, samt at den i liten grad er prega av framande artar.

Samla oppnår lokaliteten verdien: Lokalt viktig - C grunna manglande skjøtsel. For at verdien skal kunne gå opp att til å vera ein B-lokalitet krevst det at lokaliteten vert skjøtta med eit betydeleg høgare beitetrykk enn kva den er i dag.

SKJØTSELSPLAN

DATO skjøtelsesplan: 15.11.2019	UTFORMA AV: Kamilla Svingen og Finn Oldervik		FIRMA: Bioreg AS	
UTM SONE 32V N 6898742 A 375087	Gnr/bnr. 129/1 og 129/2	AREAL (noverande): 718 daa	AREAL etter evt. restaurering: 718 daa	Del av verneområde? Nei
Kontakt med grunneigar/brukar (ev /informant). Før opp tidsperiodar, ev datoar. Kontakt med Aksel Stennes ved synfaringa i 2019 og med Sindre Stennes og Einar Arne Stennes per telefon og E-post i perioden august – desember 2019			Type kontakt (synfaring, tlf., e-post med meir) Fysisk møte med tidlegare eigar, Aksel Stennes i samband med synfaring, samt kontakt også med Einar Arne Stennes og Sindre Stenes per tlf. og e-post.	

MÅL:**Hovudmål for lokaliteten:**

- Å gjenoppta skjøtsel og beite med geit for å betre tilstanden av naturbeitemarka og hindre vidare attgroing.

Konkrete delmål:

- Auke beitetrykket i lokaliteten, fortrinnsvis med å starte opp att med beite med geiter på lokaliteten.
- Fjerne oppslag av lauvtre og hindre vidare spreining av bjørk inn i lokaliteten frå skogen i kantane.

Ev. spesifikke mål for delområde:**Tilstandsmål artar:**

- Lengst aust i nedre delar av lokaliteten var det noko lågtveksande vegetasjon med mindre grad av attgroing og innslag av artar som markjordbær, augnetrøyst sp. og lækjeveronika. Elles bør eit mål for lokaliteten som heilheit vere at skjøtselen fører til mindre dominans av sølvbunke og opne for eit høgare innslag av dei typiske naturengartane som vart registrert, som blåklokke, småengkall, gulaks, geitsvingel, augnetrøyst sp., harerug og blåknapp m.fl. Per i dag er store deler av lokaliteten dominert av høgvakne artar/attgroingsartar som blant anna storfrytle, ymse bregnar, bjørkerenningar, brennesle, bringebær og rogn for å nemna dei viktigaste.
- Potensialet for interessante beitemarksopp innan lokaliteten er som nemnd ikkje vurdert som særleg stort, men eit høgare beitetrykk og mindre dominans av høg vegetasjon vil likevel kunne vere fordelaktig med tanke på moglegheita for funn i framtida.

Mål for bekjemping av problemartar/gjengroing:

- Særleg skogen langs kantane av lokaliteten er område ein bør følge med på så den ikkje spreier seg lenger innover i lokaliteten. Her vil særleg lauvtre som bjørk og rogn kunne være å rekna som problemartar, skjønt særleg rogn er jo god geitemat også. Beitetrykket bør også vera høgt nok til at det ikkje byggjer seg opp med gammalt gras (strø) i enga, som det er i ferd med å gjera i dag grunna dominansen av sølvbunke innanfor lokaliteten. Daudt gras kan eventuelt samlast og fjernast, då eit slikt tiltak kan vera med å hindra oppgjødsling av lokaliteten. Denne metoden er likevel svært arbeidskrevjande, så i naudstifelle har slikt gras vorte brend år om anna. Dette er ikkje noko vi vil tilrå, då ein lett kan missa kontrollen over slike grasbrannar. Ei anna ulempe med brenning er at det gjev ein gjødslingseffekt. Delvis grunna rotnande gras ser ein allereie nitrofile artar som nyseryllik, geitrams og mjørdurt. Også dekninga av bregnar, blåbærlyng og storfrytle kan bli problemartar om dei aukar i utbreiing, men ingen av desse kan karakteriserast som nitrofile.

AKTUELLE TILTAK:	Priorit ering (år)	Ant daa og kostnad/d aa	Kontro ll: (Dato)
<p>Generelle tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ein bør auke beitetrykket så snart som mogleg for å hindre vidare attgroing av lokaliteten. Beitinga bør helst vere med geiter for å oppretthalde kontinuiteten av skjøtselen i tråd med kva naturbeitemarka tidlegare har vore nytta til. - Beiting med ca. 50 geiter. Om det viser seg å verta naudsynt for å halda lokaliteten i hevd, må talet på beitedyr aukast. - Brukarane nemner at det er behov for å gjerde inn innmarka på garden slik at beitedyra held seg unna dyrkamarka. Til dette trengs om lag 800 m med gjerde. Vi har gjort ein del undersøkingar omkring dette og kome fram til at eit nettinggjerde, 140 cm høgt med el-tråd på dyresida, inkludert 3 grinder vil koma på om lag kr. 70.000,- (80.000,-) ferdig oppsett¹. For å styra beitedyra dit det trengs mest innan den store beitemarka, har brukarane kome til at Nofence er eit godt alternativ slik det er utvikla i dag. Nofence for ca. 50 dyr vil koma på noko over 100.000 kr. (Sjå vedlagde pristilbod frå Nofence AS). Bioreg AS støyr brukarane i at begge desse innretningane er naudsynt for å få til ein god og trygg skjøtsel av lokaliteten. - No går det av og til ras på Steneset som stadvis kan leggja gjerdet flatt år om anna, noko som medfører ein del vedlikehald, men vi vil likevel tilrå eit vanleg gjerde som løysing her. 	<p>2020</p> <p>2020</p> <p>2021</p> <p>2022</p> <p>2023</p>	<p>Netting- gjerde; Inntil kr. 80.000,-</p> <p>Nofence kr. 100.000,-</p>	
